



* Eli Prøysen og Egil Johansson i gang med ei av dei kjende visene frå TV-serien «Kanutten», der Alf Prøysen spela gatemusikanten Romeo Klive.

Kjent og kjær frå Alf Prøysen

Fredag var eit samla barnehage-Herøy på kulturhuset, der Elin Prøysen og Egil Johansson ausa av musikkskatten etter Alf Prøysen. Med gitar, bass, munnharpe og eigne røyster framførte duoen både kjende og mindre kjende songar av viselegenda.

I forkant av konserten snakka Vestlandsnytt med nokre av dei små som var på veg inn i sa-

len. Og sjølv om dei ikkje heilt kunne svare på kven Alf Prøysen var, glede dei seg til song og spel.

Då den eine kjende songen etter den andre strøyma utover salen, var det i alle fall ein heil del av dei vaksne som nikka gjenkjennande og trampa takta med foten. Dermed spørst det om ikkje konserten var minst

like kjekk for dei som har traska rundt litt lenger her på jorda, og som faktisk hugsar Alf Prøysen i levande live.

Men visene til hedmarkingen når inn til dei fleste, gamal som ung, og det la grunnlaget for ei lun og triveleg stund med «unplugged» musikk på kulturhuset.



* Barna syntest munnharpa til Egil Johansson var veldig morsom.



* Eit spent publikum av store og små på kulturhuset fredag. Over ser vi Malin, Alexandra, Noa Pauline og Sølve frå Grønmyr barnehage, som alle glæda seg veldig til konserten.